



Arkivnr: 2014/1230-39
Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		03.09.2014

Søknad om tilskot til lokalt trafikksikringsarrangement - Refleksdagen 2014

Samandrag

Kløvheim bygdelaag søkjer om tilskot til Refleksdagen 2014 for barnehage- og barneskuleborn i Trekanten Aktivitetspark. Bygdelaaget har eit totalbudsjett på 63.000,- kr, og søkjer Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) om 23.000,- kr i støtte. Det vert ikkje spesifisert kva desse midlane skal nyttast til. Ut frå søknadsteksten og arrangementet sin budsjettoversikten, så rår fylkesrådmannen til at tilskotssummen vert på 15.000,- kroner.

Forslag til vedtak

1. Kløvheim bygdelaag vert tildelt tilskot på 15.000,- kr til Refleksdagen 2014.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 22.08.2014**Bakgrunn**

Kløyvheim bygdelag søker om tilskot til Refleksdagen 2014 for barnehage- og barneskuleborn i Trekanten Aktivitetspark. Bygdelaget har eit totalbudsjett på 63.000,- kr, og søker Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) om 23.000,- kr i støtte. Det vert ikkje spesifisert kva desse midlane skal nyttast til.

Søknaden sin budsjettoversikt:

Type midlar	Inntekt	Utgifter
Annonsering		25.000,-
Refleksar/vestar, lommelykter m.m		20000,-
Mat og drikke		8000,-
Premier		5000,-
Ekstern aktivitet (Pelle)		5000,-
Deltageravgift	10000,-	
Støtte frå firma	15000,-	
Støtte frå firma	10000,-	
<i>Søknadssum</i>	23000,-	
Sum	63000,-	63000,-

Dette lokale arrangementet fekk og fylkeskommunalt tilskot i 2013, då Fylkestrafikksikringsrådet (FTR) gav dei tilskot på 15.000,- kr etter ein søknadssum på 32.500,- kr. Fylkestrafikksikringsrådet (FTR) bad då om at tilskotsmidlane gjekk til innkjøp av materiell som var knytt til sjølve aktiviteten, og ikkje til annonsering. Vidare vart det opplyst i tilsegnsbrevet at dei ved seinare arrangement kunne få refleksar og vestar kostnadsfritt frå fylkeskommunen med tanke på å få redusert arrangementskostnadane.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen ser positivt på at lokale bygdelag er oppteken av trafikktryggleik, og denne tilskotsordninga er meint til å stø opp om slike initiativ. Tiltak som set fokus på refleksbruk blant born og unge er alltid viktig å stø oppunder.

Fylkestrafikksikringsrådet (FTR) var i si tid oppteken av at tilskotsmidlane som vart ytt gjekk til «trafikksikringsdelen» av arrangementet, og at andre type arrangementsutgifter vart dekkja av andre partar. Noko av bakgrunnen for dette var at ein over tid hadde sett at relativt små, lokale eindagsarrangement hadde store budsjett, og samstundes brukte størstedelen av midlane til annonsering og marknadsføring. I nokon grad vart det difor stilte spørsmål om dette var rett bruk av tilskotsmidlane frå fylkeskommunen.

Med dette som bakgrunn, og ut frå søknadsteksten og arrangementet sin budsjettoversikt, så rår fylkesrådmannen til at tilskotssummen frå Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) vert på 15.000,- kroner.